



Andreas Hundvin  
Hundvinsvegen 116  
5956 HUNDEVIN


Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6423 - 17/10168

Saksbehandlar:  
Christian H. Reinshol  
Christian.Reinshol@lindas.kommune.no

Dato:  
30.03.2017

## Varsel om utvida planområde og offentleg ettersyn av endringar i reguleringsplan Nesfossen næringsområde, plan-ID 1263-201508

Det vert med dette varsla om at planområde for reguleringsplan Nesfossen næringsområde, plan-ID 1263-201508, vert utvida til å omfatte tilkomstveg frå fylkesveg 57 og kryssområdet ved fylkesvegen. Utvidinga av planområdet kjem som følgje av kravet frå Statens vegvesen om utbetring av tilkomstvegen og krysset på fylkesvegen i deira merknad til offentleg ettersyn av planframlegget.



Hovudføremål med planframlegget:



Hovudføremålet med planen er å leggje til rette for ei større utviding av akvakulturanlegget som ligg på Nesfossen i dag, med sjøvassbasert anlegg for smoltproduksjon med tilhøyrande naudsynte anlegg og infrastruktur. Utvidinga er tenkt i nordvestleg retning frå dagens anlegg og arealet er i kommuneplanen sett av til LNF-område. Det er utarbeidd planprogram og konsekvensutgreiing for det planlagde tiltaket.

#### Endringar i planframlegget:

Kryssløysing på fylkesveg 57 er teke inn i planframlegget saman med tilkomstveg inn til området. Krysset på fylkesvegen er utvida med venstresvingfelt. Vidare er tilkomstveg inn til næringsområdet noko utvida og det er lagt inn møteplassar. Det er knytt rekkefølgjekrav til opparbeiding av krysset før utbyggingstiltak innanfor VAS2 vert satt i gang.

Det er avdekket eit større behov for utnytting innanfor det nye området avsett til akvakultur, slik at utnyttingsgrad er auka frå BYA 50 % til BYA 80 %. I tillegg er byggehøgda justert noko ned for å avgrense fjernverknad av tiltaka. Nærare grunngjeving for auka i utnytting er skildra i planskildringa.

Det er opna opp for etablering av anleggsveg mellom eksisterande akvakulturanlegg og nytt område for akvakultur, over LNA4 og LNA6. Det skal gjerast tiltak for å sikre gjennomstrøyming i elva og området skal tilbakeførast til naturtilstand etter anleggsarbeidet er ferdigstilt.

For å sikre områda mot fall og betre fiskehelse er det opna for etablering av gjerder innanfor området. Det er også opna opp for etablering av trafostasjon og enkeltstående tankar og liknande som kan verte over byggehøgda som er fastsett. Vidare er eksisterande akvakulturområde utvida noko i søraust som ei tilpassing til eksisterande situasjon i området.

#### Høyringsperiode:

Reguleringsplanen med utvida planområde ligg ute til offentleg ettersyn i 4 veker i perioden 05.04.2017 til 03.05.2017. Planen vert å finne på braplan: [www.geoweb.no/braplan](http://www.geoweb.no/braplan). Søk på plan-id [1263-201508](#), dokumenter.

Me ber om at merknader til utviding av planområdet og endringane i planen vert sendt innan **03.05.2017** til: *Lindås kommune, plan- og miljøutvalet, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø* eller til [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no).

Det er lagt ved eigne dokument for føresegner og planskildring der endringane i planmaterialet er merka med raudt for å forenkle sporing av endringar sidan førre høyringsrunde. Dersom det er spørsmål i saka eller behov for meir informasjon, ta gjerne kontakt med underteikna.

Med helsing

Christian H. Reinshol  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Innleveringsbrev\_Nesfossen\_28.03.2017

**Vedlegg:**

15014\_Nesfossen\_planskildring\_28.mars\_2017  
Nesfossen\_planskildring\_28.mars\_2017\_med\_markerte\_endringer  
15014\_Nesfossen\_føresegn\_ny\_off\_ettersyn\_28.mars\_2017docx  
15014\_Nesfossen\_føresegn\_ny\_off\_ettersyn\_28.mars\_2017\_med\_markerte\_endringer  
15014\_Nesfossen\_plankart\_24.03.2017\_05\_A0  
15014\_Skisse midlertidig veg\_27.03.2017\_A3  
Nesfossen Næringsområde - profil 4 - 17.03.2017 - tny  
Nesfossen Smolt AS - utvidelse nord - prosess - 15.2.2017 - A0-tny

**Mottakarer:**

Andreas Hundvin	Hundvinsvegen 116	5956	HUNDEVIN
Ard Arealplan AS	7 etasje Nygårdsgaten 114	5008	BERGEN
Arthur Nesfossen	Kong Oscars Gate 88	5018	BERGEN
Aud May Hundvin	Hundvinsvegen 109	5956	HUNDEVIN
Bkk Nett AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kjell Asbjørn Hundvin	Bjørkelien 79	5164	LAKSEVÅG
Kjell Henning Ølnes	Hundvinsvegen 109	5956	HUNDEVIN
Marit Dorthea Hundvin	Bjørkelien 79	5164	LAKSEVÅG
Mona Låstad Grønnevik	Seimsstranda 537	5912	SEIM
Nesfossen Smolt AS	Nesfossen	5956	HUNDEVIN
Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Sigrund Johanna Vatne	Lindåsvegen 1584	5956	HUNDEVIN
Solveig Lervåg	Kong Oscars Gate 88	5018	BERGEN
Statens vegvesen	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
Åse Hundvin	Skornesvegen 60	5955	LINDÅS
Åse Janik Nesfossen	Lindåsvegen 1478	5956	HUNDEVIN